

Saksbehandlar: Ole Ingar Hagen Hæreid, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 11/6418-6

Utbetring av FV 57 Dale - Storehaugen, søknad om forskottering av planleggingsmidlar.

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

Søknaden vert ikkje imøtekomen. Søknaden om forskottering av planmidlar til utarbeiding av kommunedelplanar er ikkje i samsvar med fylkestinget sine retningsliner for forskottering.

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Statens vegvesen rapport 10 november 2011: [Fylkesveg 57 Dale – Storehaug, vurdering av alternative løysingar for utbetring](#)

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

Kommunane Fjaler og Gaular har søkt om løyve til å forskottere planleggingsmidlar til utbering av fylkesveg 57 mellom Dale og Storehaug.

I samband med utarbeidinga av Regional transportplan 2014 – 23 kom Statens vegvesen med ein rapport i november 2011 om fylkesveg 57 mellom Dale og Storehaug med vurdering av alternative løysingar for utbetring av vegen.

Etter oppdrag frå kommunane Fjaler og Gaular kom Helge Hopen AS med ein rapport i 2012 om vurdering av delvis bompengefinansiering av strekninga.

I regional transportplan 2014 – 23 er strekninga Dale – Storehaug nr. 2 på marginallista på investeringsprogrammet.

Kommunane registrerer ein stadig aukande trafikk på vegstrekninga. Etter kvart er det eit prekært behov for å kome i gong med utbetring av vegen. Kommunane ønskjer difor å vere offensive og få utarbeidd kommunedelplanar for dei ulike strekningane i prosjektet. Gjennom kommunedelplanar ønskjer dei å få avklara traseval der dette kan vere usikkert og elles gjere nødvendige avklaringar for å vere klare til å gå i gang med detaljplanlegging av dei ulike parsellane.

Kommunane er innforstått med fylkeskommunen sine retningsliner for forskottering.

Historikk - tidlegare vedtak

I møte den 14.12.2010, sak 59/10 vedtok fylkestinget følgjande retningslinjer for forskottering på fylkesveg:

1. *Følgjande retningslinjer skal leggjast til grunn for forskottering på fylkesveg:*
 - a) *Det kan gjevast løyve til forskottering av investeringsprosjekt under føresetnader av at:*
 - *prosjektet er prioritert i handlingsprogram for fylkesvegnettet /*
 - *det ligg føre godkjent reguleringsplan for prosjektet*
 - b) *Det kan gjevast løyve til forskottering av planleggingsmidlar under føresetnad av at prosjektet er prioritert i planleggingsprogrammet.*
 - c) *Forskotterar skal vere ansvarlig for å forskottere midlar utan opphald etter rekvisisjon frå fylkeskommunen slik at føresett framdrift i prosjektet kan haldast.*
 - d) *Forskotteringa skal omfatte heile prosjektkostnaden inkludert :*
 - *plan og prosjekteringskostnader*
 - *prisstigning*
 - *eventuell anna kostnadsauke i byggeperioden på inntil 10 pst. av samla*
 - *prosjektkostnad*
 - e) *Forskotteringssummen skal refunderast utan kompensasjon for prisstigning og renter på eventuelle lån*
 - f) *Refusjon av forskottet skal skje når prosjektet kjem i løyvingssposisjon i det vedtekne handlingsprogrammet. Ved ein ev. større reduksjon i det samla framtidige handlingsrommet for fylkesveginvesteringar kan refusjonstidspunktet skyvast ut i tid i inntil 2 år.*
 - g) *Det skal til ein kvar tid vurderast om omfanget av forskotteringar er rimeleg i høve til dei samla rammene til fylkesveginvesteringar og i høve til at omfanget ikkje skal legge urimeleg press på kapasiteten til planlegging og på anleggsbransjen.*
2. *Det ligg til fylkestinget å inngå forskotteringsavtalar.*

I møte den 11.06.14, sak 19/14 vedtok Fylkestinget planleggingsprogram for fylkesvegprosjekt i Sogn og Fjordane for perioden 2014 – 2017.

Prosjektet på fv. 57 mellom Nishammaren og Storehaug med bru over Svesundet ligg inne på planleggingsprogrammet for perioden 2014 – 17. Det er kr 93 000,- til disposisjon til prosjektavklaring/forprosjekt/utgreiing i 2014. Det er peika på at vurdering av bompengar kan vere aktuelt i perioden. Fylkeskommunen må avklare prioritering av aktuelle delstrekningar, inkludert avklaring på plannivå i 2016 – som grunnlag for rullering av Regional transportplan. Utarbeiding av kommunedelplan er ikkje inne i planprogrammet i planperioden 2014 – 17.

Sentrale problemstillingar

Søknad om forskottering av investeringar og planlegging på fylkesvegnettet skal handsamast etter reglane for forskottering vedtekne av fylkestinget. Når det gjeld investeringar er retningslinjene klare på at den aktuelle investeringa må vere prioritert i handlingsprogrammet for fylkesveg eller at det ligg føre godkjent reguleringsplan. Når det gjeld forskottering av planmidlar, er det eit krav i retningslinjene at prosjektet er prioritert i planleggingsprogrammet.

2. Vurderingar og konsekvensar

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Frå 2015 blir det innført eit nytt inntektssystem for fylkeskommunane. For Sogn og Fjordane sin del vil det nye inntektssystemet medføre store reduksjonar i dei statlege rammeløyvingane. I finansutvalet sitt møte den 18. juni 2014 vedtok finansutvalet investeringsstopp/reversering av

allereie vedtekne investeringar. Dette får konsekvensar også for investeringar på fylkesvegnettet.

Plankonsekvensar

I planleggingsprogram for fylkesvegprosjekt i Sogn og Fjordane for perioden 2014 – 2017 er det ikkje lagt opp til utarbeiding av kommunedelplan på fv. 57 mellom Dale og Storehaug. I Statens vegvesen si utgreiing frå 2011 er det vist til ulike løysingar. Det viser seg at det kan vere behov for utarbeiding av kommunedelplanar for å avklare val av vegtrase og løysingar for utbetring av vegen. Her kan det m.a. vere snakk om tunnelloysing eller veg i dagen på delar av strekninga.

3. Konklusjon

Etter fylkesdirektøren si vurdering vil ikkje søknaden om forskottering av planmidlar til utbering av fylkesveg 57 mellom Dale og Storehaug støtte krava etter retningslinene om forskottering.

Søknaden gjeld forskottering av planmidlar til utarbeiding av kommunedelplanar.

I planprogrammet er det lagt opp til arbeid med reguleringsplanar etter 2017. Dersom kommunane Fjaler og Gaular meiner det er viktig å få fram avklaringar gjennom kommunedelplanar, må kommunane sjølv dekke kostnadene med utarbeiding av kommunedelplanar.

Utbetring av fv. 57 mellom Dale og Storehaug er eit stort investeringsprosjekt. Med dei rammene fylkeskommunen ser ut til å få framover, er det ikkje rom for å realisere prosjektet på lang tid.